NVE
Noregs vassdrags- og energidirektorat

Bømlo kommune
Kommunehuset
5430 BREMNES

Vår dato: 13.03.2026
Vår ref.: 202602767-4 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.:

Sakshandsamar: Gert Vidar Høgseth, 22959543, gvho@nve.no

NVE si generelle tilbakemelding til avgrensa høyring av reguleringsplan for Pøyla naustområde, Gnr. 110 bnr. 329 mfl., Alvsvåg, Planid 201705, Bømlo kommune

Vi viser til oversending av høyringsdokument for avgrensa høyring av revidert reguleringsplan, datert 02.02.2026.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormynde med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle reguleringsplanar som kjem på høyring. NVE vil prioritere å gi konkrete innspel og uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

NVE si generelle tilbakemelding

Som planmynde har de ansvar for å sjå til at NVE sine saksområde blir vurdert og ivaretatt i planframlegget.

De kan bruke våre nettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, https://www.nve.no/arealplanlegging/. På NVE sine nettsider finn de koplingar til rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på NVE sine kartløysingar.

NVE sin kartbaserte rettleiar for reguleringsplan vil om kort tid (1-2 veker) på nytt vere tilgjengeleg på våre nettsider for reguleringsplan. Den leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de ikkje alt har gått gjennom rettleiaren rår vi dykk til å gjere det, og vurdere om våre saksområde er teke omsyn til i planen.

De må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE rettleiar 2/2017 Nasjonale og vesentlige regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging.

Meld inn fareutgreiingar
Naturfareutgreiingar som er tinga etter 01.01.2025 skal meldast inn til NVE i samsvar med pbl § 2-4 og Forskrift om pliktig innmelding av grunnundersøkelser og naturfareutredninger. Vi ynskjer også å få inn naturfareutgreiingar tinga før denne datoen. Geotekniske grunnundersøkingar skal leverast inn til NGU via NADAG. Informasjon finnast her: Meld inn naturfareutredninger - NVE.

Kommunen sitt ansvar
NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt naudsynt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret hjelp i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Gert Vidar Høgseth
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:
Bømlo kommune

Kopimottakarar:
STATSFORVALTAREN I VESTLAND